



Anita Bakken
Stranda 800 B
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2234 - 18/36645

Saksbehandlar:
Johnny Danielsen
johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2018

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet onsdag 5. desember 2018

Desse møtte:

Johnny Danielsen (Rektor), Birgitte Smådal (Lærer), Maja Andvik Totlandsdal (Elevråd), Melina Isadora Lid Myhr (Elevråd), Gullborg Tresnes (Andre tilsette), Ann Kathrin Espevoll (FAU), Marius Hindenes (FAU), Laila Hindenes (FAU).

Sak 09/2018-2019 Godkjenning av:

- a) Innkalling
- b) Sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentarar.

Sak 10/2018-2019 Info frå skulen.

- Heimesida til skulen er deaktivert og vi vil ikkje lenger ha ein eigen heimeside for skulen. Det betyr at vi må ta i bruk E-post for å sende ut lekseplanar og anna viktig info frå skulen/klassane.
- Vi har ein del pengar til overs på budsjettet, og har gjort Innkjøp av nye interaktive tavlar til 1-4 trinn, nye PC-ar til 7. klasse, 5 nettbrett til pedagogisk utprøving i 1 og 2 klasse. I tillegg har vi kjøpt inn ein ny sofa til biblioteket, nye nett til fotballmåla våre og ein del anna utstyr til uteleik.
- I desse dagar kjem det ut eit eige skriv med desemberinfo frå skulen med datoar for juleverkstad, skulegudstenesta m.m. I samband dette skrivet vil det og vere påmelding til det alternative opplegget til skulegudstenesta.



Sak 11/2018-2019 Val av kort dag.

Skulen treng å endre kort dag m.o.t. utviklingsarbeidet på skulen. Slik det er no, er denne korte dagen lagt til onsdagen for alle elevane. Denne dagen har vi utviklingstid og team-møter etter at alle elevane har gått tidleg heim. Dette er eit stort problem fordi det også er den dagen i veka dei kommunale rektormøta, skuleleiarmøta, avdelingsleiarmøta og dei fleste nettverksmøta på tvers av skulane er lagt til. Det betyr at rektor og andre lærarar som skal på kommunale møter ikkje får vere med på mykje av utviklingstida med dei andre lærarane. For rektor gjeld det over halvparten av tida, noko som gjer det vanskeleg å drive effektivt utviklingsarbeid med kontinuitet på skulen. Vi ønskjer derfor å flytte kortdagen for alle elevane frå onsdag til ein annan dag. FAU diskuterte dette i møtet før SU, men hadde ingen eintydig oppfordring til kva dag ein burde byte kortdagen til. Rektor tar derfor dette opp gjennom skulen sine eigne organar og utval for å landa ein ny kortdag til hausten.

Sak 12/2018-2019 Overgang til 60 min. undervisningstimar.

Skulen kjem til å gjennomføre ein prosess for å sjå på høve til å gå over til 60 min. undervisningsøktar slik som ungdomskulen har. Prosessen må vere ferdig tidleg i vår dersom det skal vere aktuelt å gjere dette frå og med hausten 2019. FAU og SU vil få høve til å uttale seg om saken i sitt neste møte etter jul.

Sak 13/2018-2019 Skuleruta for 2019/2020.

Høringa som blant anna vi sendte inn er tatt til følgje (fridag 3. januar 2020 og skuledag 19. juni 2020)

Sak 16/2018-2019 Eventuelt.

Ingen saker kom opp.

Med helsing

Johnny Danielsen
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anita Bakken

Stranda 800 B

5993

OSTEREIDET